



Knester ved Eidsvik i januar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Storkontrakta på bygging av ein supplybåt var ei svært gledeleg nyhende ikkje berre for Eidsvik Skipsbyggeri, men for heile lokalsamfunnet. Men hos Eidsvik har det vore kjend lenge at "noko stort" var på gong og der er det sluttarbeidet med ein fiskebåt staben no konsentrerar seg om.

Det er den kombinerte trålaren og snurparen som skal leverast til reiarlaget Knester AS i Austevoll. Arbeidet har vorte noko forseinka i høve til dei opprinnelege planane, ikkje minst fordi skroget kom to og ein halv månad seinare til Uskedalen frå Polen enn berekna i fjor haust.

Det har også vore problem med å få utstyret på plass til rett tid, noko som ikkje minst skyldast det store presset på utstyrsleverandørane i skipsbyggjingsindustrien for tida. Opprinneleg skulle båten vore overlevert i vår, men no skal det endeleg skje – rundt det kommande månadsskiftet.

Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik opplyser til Kvinnheringen at den første prøveturen vil skje no i helga, medan båten neste helg set kursen mot Bekkjarvik i Austevoll. Der skal båten døypast på jonsokafta og den får namnet Knester, som fleire av reiarlaget sine båtar har heitt tidlegare. Etter overleveringa skal båten i sommar fiska etter sild og på seinsommaren vert det makrellfiske. Til vinteren skal han tråla etter kolmule vest for Irland.

Svein Arne Eidsvik opplyser ellers at Eidsvik, som i dag har rundt 60 tilsette, ønskjer å auka grunnbemanninga med 8-10 personar. Bedrifta kjempar framleis også om å få oppdrag på bygging av nye fiskebåtar.

Etter overleveringa av Knester blir det ferie og etter den startar utrustninga av skroget til fiskebåten frå Skottland

Av Ola Matti Mathisen



Knester forseinka på veg ut frå Polen